

TEMA: Hordaland ①32

KART: ④435

Håøyna

KONG SVERRE OG MENNENE HANS

Om striden mellom heklungane og birkebeinane og åttaket på MAGNUS ERLINGS-SON (①187), som sat i Bergen i 1183, fortel Sverresoga:

«Alle valde å fare til Bergen.

Da sende kongen nokre sjekter inn i Ulvesund, og sjolv siglde han utanskjers. Inni Ulvesund tok birkebeinane to skuter frå heklungane og drap dei fleste, men gav nokre mann nåde, så dei kunne frette tidender av dei. Dei fortalde at det låg tre skuter på speiding i Langøysundet, og det var ein vete sør på HÅØYA og ein på Askøy; frå den såg ein inn til byen. Dei fortalde òg at heile hæren sov oppi byen, og i kva for gardar storfolket sov; skipa deira låg fullt tjelda utfor bryggjene. Med desse meldingane kom dei no til kong Sverre.

Kongen sende folk i forevegen med dei skutene som heklungane hadde ått, og desse skutene fór da først sørpå. Da dei kom siglende nordfrå Drevøy, drog heklungane kjensel både på skutene og på skjolda, og tenkte det var deira folk. Men straks skutene kom inn på dei, tok birkebeinane til å skyte; heklungane sprang på land, somme vart drepne. Birkebeinane tok no skutene og alt som var på dei, og bia der på kongen. Etterpå heldt dei leia søretter. Kongen sende på nytt dei skutene føre som heklungane hadde ått, og bad dei ta veten på Håøya. Men birkebeinane var veidehuga, og rodde fortare etter enn kongen ville, så vete-karen gādde dei og sette eld på veten. Så rodde dei sør innunder land; for det bar skugge av fjella ut på sjøen.»

FREKHAUG

Frekhaug har vore ein storgard med «kondisjonerte» eigarar gjennom mange generasjonar. Hovudhuset, ein tohøgda bygning med valmtak, må vera oppført kring 1780.


Det symmetriske anlegget var typisk for byborgarens byggeskikk i andre halvdel av 1700-talet. I «storstuen» var det måla lerretstapet med jaktscener – eitt av rokokkoens yndlingsmotiv – og i «blaa-stuen» blomstertapet. Bygningen, som idag høyrer til Nordhordland Folkehøgskule, er freda. Fredinga gjeld eksteriøret; innvendig er det ingenting att av det opphavlege interiøret.

«Prospect av Frekhoug». J.F.L. Dreier, 1812.

HÅØYNA ligg midt i ei av hovudleiene inn til Bergen – med Håøysundet på sørsida, mot Meland, og Hagelsundet mot Lindåslandet. Namn som Nordfarskista og Nordfarsskorane fortel sitt. Den strategiske posisjonen var viktig i vikingtida og han har vore viktig i vår tid. Veten på Håøyna kan ha vorte bygd under skiping av leidangen i HÅKON DEN GODES tid, kring 950. Det forsvarsanlegget vi i dag ser minna etter på Håøytoppen, stod sentralt i den norske nøytralitetsvakta under den første verdskrigen. Forsvarsanlegget vart avvikla i 1957.

Håøyna høyrde frå gammalt av til jordegodset til kongen; bygsla i 1590 av ein bureisingsmann, under matrikkelen til garden Flatøy. Gardsbygningane som står i dag, skriv seg frå 1800-åra. Mot slutten av 1800-talet vart Håøy forsvarsanlegg bygt ut, medan vi enno var i union med Sverige. Anlegget var også eit ledd i forsvaret av byen og høyrde til Bergen ytre festning. Ved Håøysundet låg mineavdelinga som kunne utløysa dei minene som var utlagde i sundet. På Håøytoppen var det ei artilleriavdeling med kanonstillingar, lyskastaranlegg og signalstasjon. Mykje av dette ser vi enno restar etter, og det går veg heilt opp til toppen. Her, ved Varden, er det eit storfelt utsyn nordover leia, som viser til fulle den strategiske verdi som forsvarsanlegga her har hatt gjennom 1000 år. □

I dag er Håøyna eit fint friluftsområde. Den eldste delen av kommandantbustaden (venstre halvdel) vart truleg bygd før år 1900.



Frå Håøytoppen er det eit storfelt utsyn. I forgrunnen ligg fundamentet til ein av to store lyskastarar, truleg bygde under 1. verdskrigen.

